




PEDAGOGISK PRAKSIS

ARBEIDSMÅTAR FOR UTVIKLING AV LEIING, TILSETTE OG ELEVAR



Visjonen «det beste i den enkelte» er styrande i alt arbeid på skulen vår. Å få fram det beste i den enkelte er ei øving både leiing, tilsette og elevar blir utfordra på kvar einaste dag - i møte med kvarandre som menneske. Visjonen kan konkretiserast i to ulike dimensjonar, som likevel grip inn i kvarandre:




Summen av desse to dimensjonane – visualisert i skulens logo - definerer kva rolle me vel å innta, anten som leiar, tilsett eller elev.

Denne S-en blir dermed det naturlege utgangspunktet for både kollektiv og individuell utvikling på alle nivå på Strand vgs. Me ønsker å utfordre både leiatar, tilsette og

elevar på kven dei ønsker å vere og kva dei vel å gjere for å realisere måla sine. Utviklingsarbeidet hjå oss handlar såleis om å arbeide for:

1. profesjonell leiing,
2. profesjonelle tilsette,
3. ansvarsbevisste elevar.

På ein skule er det mange arenaer og organisatoriske nivå. Me har veklagt fem ulike «område» der me saman skal arbeide for å utvikle oss, gjennom systematisk trening og oppfølging. Modellen på neste side visualiserer heilskapen i Strand vgs sin modell for skuleutvikling:



Dette heftet tar sikte på å konkretisere og tydleggjøre kva me har som mål i utviklingsarbeidet på dei fem områda, og korleis me ønsker å jobbe for å nå desse måla.

LEIARTEAMET:

Leiarteamet har ut frå visjonen «det beste i den enkelte» landa på tre overordna resultatmål for skulen:

1. 100% gjennomført og bestått
 2. Positiv karakterutvikling
 3. Alle på YF får lære plass
- For å nå desse måla, må leiarteamet stadig utvikle og forbetre si profesjonelle leiing av skulen. Kvar leiar set seg difor individuelle treningsmål, og blir systematisk følgd opp på desse måla både i leiarteamfellesskapen og individu-

elt av rektor. Det er ut frå S-ens å vere/å gjere-halvdelar ein plukkar og formulerer ut treningsmåla, med tilhøyrande tiltak for utvikling og forbetring. Leiarteamet har utdjupa kva S-en inneber for dei, og definert nokre kjernekompotansar (å vere) og kjerneoppgåver (å gjere). Leiingas utviklingsmodell blir dermed slik:

MÅL	TILTAK

Å VÆRE

Hvem er jeg som person?

Kjernekompotanser:

- Relasjonskompetanse
 - Godt humør
 - Å kunne utfordre
 - Å kunne engasjere

Å GJØRE

Hva velger jeg å gjøre som leder?

Kjerneoppgåver:

- Pedagogisk ledelse
- Administrativ ledelse

Gjennom skuleåret vil ein systematisk evaluere og evt. justere eiga trening på karaktertrekk/haldningar og på åtferd/handlingar, ut frå følgande årshjul:

August: Samtale med rektor – utforming av treningsplan

September/oktober: To særskilte treningsmøte – drøfting av kvarandres treningsplan

November: Samtale med rektor – evaluering av trening, med evt. justering av mål og tiltak

Desember/januar: To særskilte treningsmøte – drøfting av kvarandres treningsplan

Februar/mars: Samtale med rektor – evaluering av trening, med evt. justering av mål og tiltak. Trekke inn relevante funn i Personalundersøkinga

Mai/juni: Leiarseminar – evaluering av skuleårets teamarbeid





KOLLEGIET:

Dei overordna resultatmåla nemnt ovanfor er forpliktande mål for alle tilsette på skulen. I tillegg er det naturleg å bruke Personalundersøkingas indikatorar på «læringstrykk» og «integritt i fellesskapen» for å sjå om vårt samla strategigrep - med visjonen, S-en, å vere/å gjere, systematisk trening på haldning og åtferd på ulike arenaer - kan ha målbare, positive effekter i arbeidskulturen på Strand vgs som resultat.

Det bør vere eit mål i seg sjølv at tilsette har det best mogleg på jobb, både med omsyn til sosial trivsel og med omsyn til å vere i «flytsona» i arbeidet sitt. Berre då kan ein få fram det beste i seg sjølv og andre.

Fellesmøtet kvar 14. dag er ein avgjerande arena for å tydleggjere skulens visjon og profil for dei tilsette, i tillegg til å vere eit viktig sosialt møtepunkt. Rektor styrer møtet, og har følgande gjennomgåande tema på alle møta:

- Viktig info kring skulepolitikk (t.d. ny linjeoppdeling på YF, nye læreplanar o.l.), regelverk (t.d. fråversreglement o.l.) og retning-slinjer (t.d. vurdering, eksamen o.l.) for å sikre kollektiv praksis
- Konkrete pedagogisk/didaktisk/metodiske utfordringar (gjerne case-baserte), for å initiere vidare drøftingar på avdelingane og særleg på teama. Resultata av drøftingane blir presenterte på seinare fellesmøte.

- Trivelege og miljøskapande markeringar, med blomeutdelingar, talar og kaker

Avdelingsarenaen blir også til ein viss grad brukt til drøftingar kring visjon og målsetningar for skulen. På YF er tema som HFY, UFF og samarbeid med næringsliv aktuelle, mens på ST kan ein gjerne arbeide med elevmotivasjon og førebuing inn mot eksamen.

Likevel blir denne areanen kanskje først og fremst brukt til å ta opp relevante strukturelle/ organisatoriske saker, og det er ingen tvil om at det er først og fremst på teama at dei viktigaste drøftingane og diskusjonane blir tatt.

TEAMET:

Hovudformålet med teamet er å vere eit sjølvdrivande fagdidaktisk refleksjonsforum der dei tilsette i ein trygg og ærleg fellesskap arbeider med å utvikle seg sjølv og kvarandre. Arbeidet på team tar utgangspunkt i kva visjonen og S-en inneber og betyr for tilsette på Strand vgs:

Å VÆRE

Hvem er jeg som person?

Kjernekompesanser:

- Et positivt elevsyns
- Godt humør
- Relasjonskompetanse
- Fagkompetanse

Å GJØRE

Hva velger jeg å gjøre som lærer?

Kjerneoppgaver:

- Undervisningspraksis
- Vurderingspraksis
- Elevoppfølging

Teamet har møte kvar 14. dag.
Kvart team har ein teamleiar, og han/ho har ansvar for at dei ulike teamoppgåvene blir tatt fatt i og arbeidd med.

Teamets oppgåver er:

1. Praksisdeling
2. Klassebesøk
3. Teamets utviklingsprosjekt
4. Teamdrøftingar initiert på fellesmøta
5. Drift

Praksisdeling:

Formålet er å utvikle ein «refleksjonskultur» på teamet, der ein ut frå konkrete undervisningsopplegg eller utvalde tema får gode drøftingar kring sentrale ting i arbeidet som tilsett.

- A. Ut frå utvalt tema (t.d. «det gode foredraget», «munnleg aktivitet», «gode elevoppgåver», «motivasjon/interesse», «den gode timen», «arbeidsro», «elevsamtal» e.t.c.)
- B. Ut frå utvalt undervisningsopplegg eller spesifikk case

Klassebesøk:

Formålet er at me som kollegaer skal dyktiggjøre og hjelpe kvarandre til å utvikle oss. Det kan vere lærerikt for begge parter å gjennomføre klassebesøk. Formålet er at to kollegaer - ut frå å oppleve same læringsituasjon ut frå to ulike perspektiv kan reflektere saman rundt det konkrete spørsmålet «Kva lærings skjedde her?» og ikkje minst rundt det overordna spørsmålet «Kva fremjar god lærings?» - og hauste ny innsikt gjennom det. Klassebesøka blir tidfesta til å skulle gjennomførast innanfor ein definert periode; ein om hausten (september/oktober) og ein om våren (januar/februar). Elles kan det lett koke ut i kålen i ein travel kvardag. Teamet blir i fellesskap samd om organisering og tidfesting.

Teamprosjekt:

Formålet er at teamet gjennom året skal stå i eit konkret fagleg arbeid som er med på å utvikle skulens ulike fagmiljø. Arbeidet skal munne ut i eit konkret resultat som skal

presenteraast for resten av kollegiet på eit fellesmøte, for å fremje kunnskap og innsikt på tvers av avdelingar og team - og dermed bygge kulturell og pedagogisk fellesskap på skulen. Emne for teamprosjektet blir valt i samråd med avdelingsleiar.

Teamdrøftingar initiert på fellesmøta:

Formålet er at teamet skal ta aktivt del i utforminga av skulens strategi for korleis me som fellesskap skal strekke oss mot visjonen vår. Rektor sine utfordringar på fellesmøta blir difor drøfta og diskutert på kvart enkelt team, og desse drøftingane dannar grunnlaget for leiingas vidare strategiarbeid.

Som ein ser, er teamet meint å ha ei nøkkelrolle i den kollektive skuleutviklinga på Strand vgs og i det å vere ein profesjonell tilsett. Teammedlemma skal arbeide saman både fagleg og pedagogisk for å hjelpe kvarandre til å få fram det beste både i seg sjølv, i kollegaene sine og i elevane.





TILSETTE:

Kvar enkelt tilsett blir også følgd opp på individuell basis av avdelingsleiarane. I tillegg til den «daglege drøsen» og den uformelle oppfølginga i kvardagen, har ein også tre definerte samtaletidspunkt i løpet av skuleåret.

Årshjulet blir såleis slik:

- August/september: Utforming av treningsplan for skuleåret
- September/oktober: Periode for

klassebesøk (team og evt. avd.leiar)

- November/desember: Evaluering og evt. justering av mål og tiltak, med bakgrunn bl.a. i undervisningssevalueringa
- Januar/februar: Periode for klassebesøk (team og evt. avd.leiar)
- Mars/april: Evaluering av skuleårets individuelle utviklingsarbeid

Det vil som nemnt i to punkt ovanfor også vere naturleg at avdel-

ingsleiar stundom kan komme på klassebesøk, der formålet er å lære og få innsikt i den faktiske skulekvardagen til tilsette og elevar.

På same måte som for leiarte amet, er det utvikla eit enkelt verky for å strukturere og systematisere treningsarbeidet. Dette er dei tilsette sin modell, med S-en (med tilhøyrande kjernekompesansar og kjerneoppgåver) og med utvalde mål og tiltak:

Å VÆRE

Hjem er jeg som person?

Kjernekompesanser:

- Et positivt elevsyns
- Godt humør
- Relasjonskompetanse
- Fagkompetanse

Å GJØRE

Hva velger jeg å gjøre som lærer?

Kjerneoppgaver:

- Undervisningspraksis
- Vurderingspraksis
- Elevoppfølging

MÅL	TILTAK

Skuleåret 2016/2017 gjennomførte skulen fleire drøftingar knytt til denne S-en. Dei ulike kjernekompasane og kjerneoppgåvene vart aktualisert av rektor på fellesmøte, og det blei gitt konkrete refleksjonsoppgåver til teama. Resultatet av desse drøftingane er at kjernekompasane og kjerneoppgåver er blitt tydeleg definerte, i nokre klare kriterier for kvalitet som forpliktar den profesjonelle tilsette. Desse kriteria blir viktige i den framtidige skuleutviklinga, både kollektivt og individuelt.

Eit positivt elevsyn:

Elevane erfarer at me har tru på at dei kan lære, at dei kan lukkast og at me strekker oss langt («Me gir aldri opp!»)

Elevane erfarer at me har høge forventingar, at me stiller krav og at

me utfordrar elevane til å ta ansvar og bere konsekvenser av vala sine

Kvar enkelt elev erfarer at han blir sett, får individuell oppfølging og blir behandla med respekt og likeverd. Brot på skulens og samfunnets normer blir møtt på ein konstruktiv måte.

Godt humør:

Elevane erfarer at me er grunnleggende positive i møte med dei.

Elevane erfarer at me er trygge og blide vaksne som vil dei vel.

Elevane erfarer at me alltid har sjølvkontroll, også i utfordrande situasjoner.

Relasjonskompetanse:

Elevane erfarer at me er tillitskande og at me bryr oss om dei

(omsorg, anerkjenning, respekt, dialog).

Elevane erfarer at me er tydelege vaksne som skapar eit trygt læringsmiljø gjennom god klasseleiing.

Elevane erfarer at me er rause i møte med dei (aksepterer elevanes ulikskapar, har sjølvironi, er imøtekommende og interesserte, innrømmer feil og byr på oss sjølv).

Fagkompetanse:

Elevane erfarer at me er fagleg dyktige og engasjerte i faga våre.

Elevane erfarer at me er godt metodisk/didaktisk førebudde og legg opp til variert og elevaktiv lærung.

Elevane erfarer at me lyttar til dei, tar dei med på råd og er inklusi-



derande i både faglege og pedagogiske val me tar i opplæringa.

Undervisningspraksis:

Elevane erfarer struktur, orden og forutsigbarheit i opplæringa (ytre rammer, planar i faga, opplegg for øktene, klasseleiing i timane, arbeidsro...)

Elevane erfarer at me i timane har tydelege mål, engasjert fagleg formidling og samarbeidsorienterte og elevaktive oppgåver - som kan differensierast og tilpassast kvar enkelt elev sitt nivå.

Elevane erfarer at me søker å fremje deira motivasjon for faga – både gjennom å variere arbeidsmåtane, å møte dei fagleg «der dei er», å tydeleggjere nytteverdien i faga, å bevisstgjøre på faktisk læring og utvikling (vurdering for læring/eigavurdering) og stadig oppmuntrande dialog med klasse og enkeltelevar.

Vurderingspraksis:

Elevane erfarer at vurdering er ein integrert del av opplæringa i faga, ikkje enkeltståande «situasjonar»

Elevane erfarer at me praktiserer vurdering for/som læring;

1. Tydelege mål og kriterier,
2. Tydelege tilbakemeldingar,
3. Tydelege råd for forbetring,
4. Elevdeltaking i vurderinga

Elevane erfarer at me fokuserer meir på læring enn på resultat, rettleier aktivt i vurderinga bl.a. gjennom modellering og eksempeltekstar, er oppmuntrande og roser det me kan rose og at me som kollegium er utforskande m.o.t. å finne nye vurderingsmetodar

Elevoppfølging:

Elevane erfarer at kontaktlærar har tett oppfølging av alle aspekt ved skuletilværet deira, både gjennom jamnleg dialog i timane, definerte elevsamtaalar, sosialpedagogiske tiltak/aktiviteter i klassen og god kontakt med føresette. Kontaktlærar skal vere den elevane kan komme til når det «er noko».

Elevane erfarer at faglærar er i kontinuerleg dialog om deira faglege utvikling, både gjennom god vurderingspraksis, «dagleg drøs» i timane og definerte fagsamtaalar.

Elevane erfarer at me har eit heilskapleg system av tilbod/funksjonar på skulen der dei får nødvendig

hjelp og bistand når dei treng det (rådgjevingsteneste, helsestyrer, oppfølgingsteam, kartlegging, tilrettelegging, fagstøtte o.s.b.).

Det er nyleg oppretta to arbeidsteam på skulen som skal arbeide vidare med nettopp elevoppfølging; «Team Psyksos» og «Team Dysleksi». Teamma er i startfasen, men allereie no utkrystalliserer det seg at det er behov for å ta grep på tre område:

- Tydeleggjere kontaktlærar sine ansvarsområde og ha ein klar plan for kompetanseutvikling av lærarane i kontaktlærarrolla
- Utvikle lærarkollektiet sitt med vit om og ferdigheter på ulike læringsstilar og kor viktig det er med tilpassa opplæring (bl.a. for elavar med dysleksi), gjennom teamdrøftingar og kollektiv idèdugnad
- Implementere eit fast system og årshjul for arbeid med psykososiale forhold i klassen, der definerte aktiviteter i bestemte tidsperiodar blir gjennomførte under leiing av kontaktlærar

I løpet av skuleåret 2017/2018 vil me arbeide vidare med desse områda.





ELEVEN:

Det er altså både kontaktlærar, faglærar og støttefunksjonane på skulen som saman skal arbeide for at kvar enkelt elev får fram det beste i seg sjølv og andre – både fagleg og sosialt. Målet er at me gjennom å strekke oss mot visjonen i vår relasjon til elevane, gjer dei til «gagns menneske» som tar ansvar i sitt eige liv generelt og i skulekvar-agen spesielt.

Også her anvender me visjonen i konkretisert og visualisert form gjennom eit enkelt verkty for heil-skapleg elevoppfølging. Slik kan elevane over tid bli bevisstgjorte på kven dei vil vere, korleis dei ønsker å framstå, kva mål dei har for op-plæringa og kva små og store val dei vel å ta i skulekvardagen. Dei får utvikle seg i elevrolla.



MÅL	TILTAK

Kontaktlærarens elevsamtalar vil ha denne planen som utgangspunkt og grunnlag. Saman med jamnlege klasselærarråd og tett dialog mellom lærarar og avdelingsleiar/støttefunksjonar, vil ein dermed sikre eit heilskapleg system for elevoppfølginga på Strand vgs.:


- August: Klasselærarråd og samtale med kontaktlærar
- September: Klasselærarråd (ST:med elevlogg i forkant)
- Oktober/november: Samtale med kontaktlærar
- November: Klasselærarråd (ST: med elevlogg i forkant)
- Desember/Januar: Fagsamtalar – ikkje ved bruk av planen
- Januar: Klasselærarråd (ST: med elevlogg i forkant)
- Februar: Samtale med kontaktlærar
- Mars: Klasselærarråd
- Mai/juni: Fagsamtalar – ikkje ved bruk av planen



Oppsummering:

Strand vgs består av dyktige tilsette med stort engasjement for jobben og triveleg Ryfylke-ungdom i startfasen av vaksenlivet. Me har stor tru på at me ved å ha ein felles, gjennomtenkt og heilskapleg strategi for skuleutvikling som vist i dette heftet, får endå meir profesjonell leiing, profesjonelle tilsette og ansvarsbevisste elevar. Då vil me vonleg sjå at resultata blir betre og visjonen stadig meir gjort om til levd liv!

Utarbeida av leiarteamet ut frå pedagogiske drøftingar på teama skuleåret 2016/2017.



«Me får fram det
beste i den enkelte»

**Strand videregående
skole**
Ryfylkeveien 1914
4120 Tau
Tlf: 51 74 01 00
Fax: 51 74 01 50
Rektor: Erik Danielsen

e-post: strand-vgs@skole.rogfk.no